



UteSong på Stord
Side 4



Alternativ påske-
aktivitet på Bømlo
Side 5



Frivillige
medarbeidarar
Side 6



#presten_per
på Instagram
Side 7

HELG OG YRKE

Kyrkjeblad for Sunnhordland - Nr. 1 - 2021

Frivilligprisen



Foto: Ingvild Sjo/Bømlo-nytt

Her ser vi frå venstre: Friðleif Lydersen, sokneprest Lykling, Sammy Olsen, ordførar Bømlo, Svein Arne Theodorsen, prost i Sunnhordland, prisvinnarane Ola og Margunn Ermland, Kirsti Angvik Frugård, leiar i Prostirådet, Heidi Vold Ådnanes, Lykling sokneråd og Trygve Leigland, kyrkjevevje Bømlo.

Frivilligpris for attande året

Frivilligprisen i Sunnhordland prosti for 2020 vart delt ut i Bremnes kyrkje i desember. Dette er attande året prisen vert delt ut til frivillige medarbeidarar for trufast, kreativ og nyskapande teneste. Frivilligprisen gjekk dette året til Margunn og Ola Ermland.

Verdig prisvinnar

Det var Kirsti Angvik Frugård, leiar i Sunnhordland Prostiråd, som introduserte prisutdelinga. Frugård gjorde greie for tildelinga og sa mellom anna:

Prisvinnarane 2020 får prisen grunna omfattande, trufast og variert teneste.

Prostirådet vil nemne Varierte leiaroppgåver m.a. innan:

- søndagsskule
 - bedehus
 - sokneråd og utval,
 - samlivskurset PREP
- Varierte frivillige tenester m.a.
- forsongar
 - kyrkjevert
 - andakts- og foredragshaldar
 - ved Moster Amfi- og Kyrkjhistoriske Senter AS og
 - ved Institutt for sjelesorg, Modum Bad

Prisen er eit diplom med grunngjevinga for tildelinga, laga av Per Flatøy.

Til å dela ut diplomet fekk Frugård med seg Sammy Olsen, ordførar på Bømlo. Bømlo-ordføraren leste

frå diplommet og kom med gode ord i tillegg. Han var takksam for mykje god frivillig teneste og meinte Margunn og Ola Ermland var verdige prisvinnarar.

Teksta på diplommet er slik:

Frivilligprisen i Sunnhordland prosti 2020 er gjeven til Margunn og Ola Ermland for omfattande, trufast og variert teneste:

Margunn:

- Leiar i søndagsskule i 39 år
- Forsongar og kyrkjevert ved gudstenester
- Medlem i utval og sokneråd



Ola:

- Leiar i Finnås bedehus
 - Andakts- og foredragshaldar
 - Frivillig på Moster Amfi AS
- Begge: Frivillige leiarar/medarbeidarar på
- Samlivskurset PREP
 - Institutt for sjelesorg, Modum Bad

Det er komen mange gode tilbakemeldingar på prisutdelinga.

Frivillige medarbeidarar i Sunnhordland

Frivilligprisen vert til vanleg delt ut på Nyårsmottakinga i Sunnhordland prosti. Grunna pandemien, vart denne mottakinga i år digital, tilgjengeleg her: <https://vimeo.com/495980840>, her er og prisutdelinga med. Her finn du foredraget til prosten med 2020 i revy og hovudfokus i 2021: «Frivillige medarbeidarar i Sunnhordland.» Du finn og helsing frå stortingsrepresentant Magne Rommetveit og song- og musikkinnslag frå Sunnhordland.



Helsing frå prosten

Frivillige medarbeidarar

I Sunnhordland prosti har vi kvart år eit hovudfokus. I år lyfter vi spesielt fram dette tema: Frivillige medarbeidarar i Sunnhordland. Fleire peiker på at Norge ligg på verdstoppen når det gjeld frivillig innsats pr. innbyggjar. Om Norge er på verdstoppen, trur eg Sunnhordland er nær Norges – toppen. Her er mykje godt frivillig arbeid i ulike samanheng, og i kyrkja.

Digital nyårsmottaking

I Sunnhordland prosti hadde vi i år ikkje høve til å vera samla til vår årlege nyårsmottaking. Mottakinga vart sendt digitalt, slik kyrkja har gjort med gudstenester og andre samlingar sidan landet stengte ned 12. mars i fjor. Den digitale nyårsmottakinga finn du her: <https://vimeo.com/495980840>

Frivilligpris

Prostirådet i Sunnhordland deler kvart år ut ein pris til frivillige medarbeidarar for trufast, kreativ og nyskapande teneste. Prisvinnarar i 2020 var Margunn og Ola Erslund. Tilbakemeldingane på prisutdelinga er at prisvinnarane er verdige vinnarar og gode døme på mykje god frivillig teneste i kyrkja. «Helg og Yrke» har møtt prisvinnarane og samtala med dei om frivillig teneste, du finn intervjuet på neste side.

Bruk dine talent

På Stord gjer dei eit grundig arbeid med frivillig teneste i kyrkja. I februar arrangerte dei ei samling over to dagar for sokneråd og tilsette i Nysæter og Stord kyrkjelydar. Her sette dei fokus på «Use your talents» - ein måte å tenkja og handla på som vert nytta både nasjonalt og internasjonalt. Du finn ein omtale av dette på side 6 i bladet.

Fagområde

I dag arbeidar ein fagleg med frivillig teneste i fleire samanheng. På studieopphald i USA fekk eg høyre korleis dei arbeidde med emnet på vitenskapelig nivå. Harvard – Universitet har tre parallelle professorgreinar innan området leiging: offentlig leiging, leiging innan privat sektor og leiging innan det dei kalla tredje sektor. Dei hadde eigne professorar som hadde spesialkompetanse på leiging innan frivillig arbeid. Eg fant dette svært interessant og såg at det ligg spesielle utfordringar knytt til dette område – ikkje minst der du har både løna og uløna medarbeidarar.

Studieprosjekt

Prestane arbeidar i år fagleg med tema frivillig teneste. I august er det studietur til Raulandsakademiet. Her vert ein fagperson på området med, prestane legg fram litteraturstudiar og deler personlege utviklingsprosjekt.

Hans Nielsen Hauge

I år markerer vi at det er 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. To av prestane vil peike på kva Hauge fekk bety for frivillig arbeid.

Prostidag

Prostirådet planlegg prostidag 21 oktober, då vil vi sjå nærare på kva som vert gjort og på vegen vidare for frivillig teneste i kyrkja i Sunnhordland.

God sommar

Sundag 20. juni feirar eg gudsteneste i Åkra kyrkje i Kvinnerad. Eg gled meg og er takksam for at vi kan feire gudsteneste og byggja fellesskap på ein forsvarleg måte. Velkomen til gudsteneste i di kyrkje, på siste sida finn du oversikt over gudstenestene i sommar.

Svein Arne Theodorsen

HELG OG YRKE

Redaksjon:

Svein Arne Theodorsen
Hamnegata 48 - 5411 STORD
Tlf. 53 40 34 30

svein.arne.theodorsen@kyrkja-stord.no

Minner om høve til å gje gåver.
Denne gongen er giro trykt på nest-siste side/side 7, der er kontonummer.

Helg og Yrke v/ Tor Langeland
Langelandsvegen 45 - 5412 STORD

Kontonr. **8420 05 25328**

NYTT: Vippsnr.: 695088 Helg og Yrke

- Neste nummer kjem i desember.
Frist for innlevering av stoff er 27. november 2021.

Kyrkjelydsbladet
vert sendt til alle
heimar i Sunnhordland

Sats og trykk:
Bladet Sunnhordland
STORD
Opplag: 24 000

Layout:
Jan-Ove Fagerheim

Nytt om personell i Sunnhordland

Bømlo:

- Kyrkjelydspedagog Marta Havn kjem delvis tilbake frå foreldrepermisjon etter sommaren.
- Liv Merete Fylkesnes Pedersen sluttar som kyrkjelydspedagog til sommaren.



Kvinnherad:

- Reidar Algerøy slutta som organist ved årsskiftet 20/21.
- Rebekka Attramadal (dotter til Reidar) tok til som organist (32 %) i februar.



Stord:

- Ingvild Baugstø Almås er tilsett som kyrkjelydspedagog i 100 % stilling frå 01.08.2021.
- Brynhild Meyer Stautland er etter eige ynskje omplassert frå 60 % stilling som kyrkjelydspedagog til 60 % som konsulent/resepsjon på Stord kyrkjekontor, frå 01.08.2021.



Sveio:

- Brit Kannelønning Olsen tok til som kontorsekretær i 50 % stilling 1. mars.



Prostiet:

- Egil Larsen er konstituert i 3 år som sokneprest i Skånevik med Etne og Skånevik som tenestestad.
- Ledig stilling som sokneprest i Fjelberg og Eid sokn og Åkra sokn. Søknadsfrist 15.08.2021.

Du kan no gje di gåve med

Vipps

Vipps-nummer: **695088**

Helg og Yrke

I Sunnhordland prosti har ein lange tradisjonar for å gje ut «Helg og Yrke.» Bladet vert sendt gratis til alle heimar i prostiet, opplaget er passert 24 000!

Trong for gåver

Det meste av arbeidet vert gjort på dugnad. Einaste inntektsposten er gåver. Vi er svært takksame til alle som gjev. Vi ser at vi har trong for fleire gjevarar for framleis å gje ut bladet og senda det fritt til alle.

Vi minner om høve til å gje gåver til bladet

I dette bladet har vi trykt ein giroblankett, her finn du m.a. kontonummer. Det er no og høve til å gje ei gåve til «Helg og Yrke» med VIPPS 695088



Ei god teneste?

Ein livleg og ordrik gut vart spurt om han hadde gjort nokon glad. Han sa: «Eg besøkte tante, var der ei god stund. Då eg gjekk, var ho glad.»

PROSTE-HJØRNET

Frivilligprisvinnarar 2020

Frivilligprisen i Sunnhordland prosti vert delt ut til frivillige medarbeidarar for trufast, kreativ og nyskapande teneste. Prisvinnarar i 2020 var Margunn og Ola Erslund. «Helg og Yrke» fekk møta dei i hagen heime på Bømlo og samtala med dei om frivillig teneste.

Vigselspresten sin tale

Margunn og Ola gifta seg på heimstaden til Margunn. I vigsla i Bore kyrkje tala presten over eit ord frå Paulus' andre brev til korintarane - kapittel 9, vers 8. Presten tala om gåvene frå Gud som han gjev oss så vi har det vi treng og som set oss i stand til å gjera godt for andre. På bryllaupsfesten vende fleire attende til dette og lyfta og fram vers 10 i same kapittelet, om det gode såkornet som vil bera rikt og gje god grøda. I samtalen seier Margunn og Ola: «Desse orda møtte oss og har vunne klangbotn i våre liv. Det var som om presten la kursen for oss. Me har ofte vendt tilbake til desse orda og kjenner at her ligg vår djupe motivasjon – og for frivillig teneste.»

Varierte tenester

Margunn og Ola fortel om ulike frivillige tenester dei har vore med i. Dei fortel om ei fin tid i skulelaget på gymnaset på Bryne. Det var eit kraftfullt lagsarbeid, og i slutten av 3. klasse var dei på turné med kristenrussen. Ola fekk tidleg spørsmål om å vera med i praktisk arrangementskomité, han svara ja og var gjerne med på å setja ut og rydda stolar. Dei var begge med i studentlaget då dei gjekk på lærarskulen på Notodden. Her vart Margunn spurt om å vera leiar m.a. i søndagsskulen. Ho svara ja, og hadde ei fin tid der.

Tenester i lag

Margunn og Ola har glede av å gjera frivillig teneste i lag. Dei minnes med glede Alfakursa på Ungdomsheimen på Bømlo. Her fekk dei nytta mange av gåvene dei har fått. Dei talar vel om det pedagogiske opplegget med undervisning, samtale i grupper og fellesskap rundt ei god matøkt der og gode historier hørde meg. Margunn seier dei har ei heil kladdabok med vitsar. Dei trekk og fram gleder over å vera med som vertsfolk ved Institutt for sjelesorg, Modum Bad. Margunn seier ho hadde sjølv ei god erfaring av å vera der på rekreasjonsopphald. Då var det kjekt å bli spurt om ei frivillig tenesta der.

Nokon har spurt oss

Det var Olav Kvarven som spurte dei om tenesta som vertsfolk. Gjennom heile samtalen vår, kjem det fram kor viktig det har vore for Margunn og Ola at nokon har spurt dei om frivillig teneste. «At nokon tenkjer på deg og kva du kan gjera, og så spør deg og kjem med ei positiv utfordring, er særst viktig.» Dei seier at for dei har det vore ei gåve å bli spurt til konkrete tenester. Dei legg til at det er eit stort ansvar for leiarar å sjå den enkelte og invitera og spørja konkret om frivillig teneste. Dei understrekar at det er viktig å vera raus med å spørja, gjerne sjå etter dei som ikkje er mellom dei mest sentrale i eit miljø.

Flink til å spørja

Ola er ein leiar og viktig ressurs i bedehuset på Finnås. Her har han m.a. vore sentral i ein omfattande dugnad med å pussa opp huset. Margunn seier at Ola er flink til å spørja folk om å ta del. Spør du på ein god måte kan folk kjenna seg verdsett og bli synt tillit. Samtidig er det viktig å spørja slik at dei ein spør kjenner seg fri til å takka nei til tenesta.

Tilbakemeldingar

Margunn og Ola set stor pris på å få tilbakemeldingar frå dei som er med i arbeid der dei har ei konkret teneste. Dei nemner og kor viktig det er at dei som rekrutterer og leiar frivillige, gjev tilbakemeldingar og følgjer opp frivillige medarbeidarar. Her nemner Margunn og Ola som eit godt døme den oppfylginga dei får frå leiarane på Modum. Her er det gode ordningar for slikt og Margunn og Ola kjenner seg verdsett og opplever å bli godt teke vare på i den frivillige tenesta. Margunn og Ola legg til at dei diverre kjenner til døme der frivillige medarbeidarar ikkje får tilbakemeldingar og tilstrekkeleg oppfylging. Det er sårt å høyra om menneske som har stått i ei frivillig teneste i ei årrekke som seier at dei ikkje veit om dei nokon gong har høyrte eit ord til takk, langt mindre konkrete tilbakemeldingar på tenesta.

Frivillig teneste i dag

Margunn og Ola er døme på menneske som vert spurt til frivillig teneste, seier ja og vert i tenesta over lengre tid. I vår samtale var vi innoom ulike endringar i den frivillige tenesta i dag. Eit trekk er at fleire kvir seg for å ta på seg ei frivillig teneste med lang tidshorisont. Ola peiker på kor viktig det er å leggja til rette for og spørja om konkrete tenester som er tydeleg tidsavgrensa, han nemner eit prosjekt for ungdom der til dømes fedrar vert spurt om å bidra på ein konkret kveld. Det same ser vi i trusopplæringa i kyrkja, her er det og konkrete oppgåver som er tydeleg avgrensa i tid. For nokon er det mykje enklare med ei slik teneste, det kan og vera innngongen til ei meir regelmessig og fast frivillig tenesta.


Og Gud er mektig til å gje dykk alle gåver i rikt mål. så de alltid og i alle høve skal ha alt de treng, ja, overflod til all god gjerning.

Han som gjev såmannen såkorn og brød til å eta, han skal òg gje dykk såkorn og la det bera rikt, og grøda av dykkar rettferd skal han gjera stort.

2. Kor 9, 8 og 10.



Trusopplæring i Etne og Skånevik



Her ser de bilde frå trusopplæring i Etne og Skånevik, eit frå Tårnagentane i Skånevik og eit frå 6-årsopplegget i Etne.

Elisabeth Vae Haaland




Utesamlingar i trusopplæringa på Stord

Når smittevernrestriksjonar og usikkerheit knytt til korona gjer det vanskeleg å samlast inne i kyrkjene må ein tenkja alternativt. På Stord hadde ikkje trusopplærarane lyst til å avlysa samlingar i trusopplæringa og difor bestemte dei seg for å flytta aktivitetane utandørs eller gjennomføra dei kohortvis med kortare samlingar.

Dermed har me fått oppleva Tårnagenthelg, UteSong og Trilletur både i snø og minusgrader, sol og sommar og vind og regn.

Elisabeth Fauskanger



Tårnagenthelg
UteSong
Trilletur



Tårnagenthelg på Bømlo

Takk til alle dei ivrige Tårnagentane som fullførte alle agentoppdraga med glans!

Agenttipsa er gode å ta med seg vidare!

Her er nokre av dei:

Leit, så skal de finna!

Det du vil at andre skal gjera mot deg,
det skal du gjera mot dei!

Takk Gud, for at du har skapt oss med mange talent og eigenskapar. Hjelp oss å bruke dei til det beste for oss sjølve og andre. Amen.

Laila Hansen Røksund



Tårnagentar i Bremnes kyrkje



Tårnagentar i Lykling kyrkje

Alternativ påskeaktivitet på Bømlo

Påskevandring for 7-åringar kunne ikkje gjennomførast i kyrkja i år. Difor laga me til ein påskeaktivitetspakke til dei som hadde meldt seg på. Desse vart henta i foajeen på Rådhuset ein ettermiddag før palmesøndag.

Laila Hansen Røksund



påskeaktivitetspakkar vart henta i foajeen på Rådhuset.



Malin Fylkesnes Gilje klar for å gå heim å arbeide med påskeaktivitetar.



Even Fosstveit Eidet kunne ikkje venta med å setja i gong! Sjå så fint det blei! Takk til mamma som sende bilete.

I Sunnhordland prosti er det framleis mange som vel kyrkjeleg konfirmasjon. Eit år med variert opplegg vert avslutta med konfirmasjon, som oftast i mai. I år vart nokre konfirmantar konfirmerte i mai i eit opplegg som var tilpassa koronasituasjonen. Dei fleste vil bli konfirmerte til hausten. Vi ser fram til fine konfirmasjonsdagar rundt omkring i Sunnhordland.



Velkomen som konfirmant 2022!

Kyrkja du høyrer til, sender ut meir informasjon om konfirmasjonsopplegget. Informasjon om påmelding finn du òg på nettsidene til kyrkjelyden. Dersom du ikkje veit kva kyrkjelyd du høyrer til, kan du gå inn på kyrkja.no.



KONFIRMANTAR

Frivillige medarbeidarar

Prostidag

i Sunnhordland prosti torsdag 21. oktober

I år vert den årlege Prostidagen i Sunnhordland prosti halden på Stord. Prostirådet ynskjer med glede velkomen frå heile prostiet. Prostidagen vil bli prega av det som er vårt særlege fokus i 2021: «Frivillige medarbeidarar.»

Målgruppe

Prostidagen er for

- Medlemmer av sokne- og fellesråd
- Frivillige medarbeidarar
- Tilsette, m.a. alle prestane i prostiet
- Andre interesserte

Program

I forkant, frå 16.00, vert det servert varm mat.

Mange ser fram til å vera i lag fysisk.

Programmet tek til kl. 17.00. Her vil vi dela erfaringar med å vera frivillig i kyrkja. Det vil vera fagleg innleiing og samtale om dette viktige tema og vi vil høyra kva som skjer med dette emnet i Sunnhordland.

Prestane i prostiet arbeidar i år både fagleg og praktisk med emnet, m.a. skal dei på ein studietur i slutten av august der dette er tema.

Prostigudsteneste

Prostidagen avsluttar med prostigudsteneste i Nysæter kyrkje kl. 19.30 der fleire tek del.

For dei som kjem med hurtigbåt frå Skånevik og Kvinnherad, legg Prostirådet til rette for skyss frå Hurtigbåtterminalen på Leirvik med retur etter gudstenesta.

Prostirådet

Frivillige medarbeidarar på babysong i Bremnes kyrkje

Me har starta opp med babysong i kyrkja igjen. Desse tre damene sørger for påsmurte rundstykker og at smittevernet blir ivaretatt. Takk for god hjelp, Rigmor Hansen, Herlaug Nesse og Randi Kallevåg.

Laila Hansen Røksund



Bruk dine talent

Kva, eller kven er kyrkja her hos oss? Er det meg? Er det deg?

Kva plass har kyrkja i vårt lokalsamfunn, og kva plass har den einskilde medlem i kyrkjelyden? Det er viktige spørsmål for sokneråda og dei tilsette i kyrkja.

Trass i avgrensingar for store samlingar fekk me i februar til eit par kursdagar der desse spørsmåla var sentrale. Sokneråda og tilsette i Stord og Nysæter kyrkjelydar tok del i samlinga. Viktig på denne samlinga var ei tenking som har synt seg svært fruktbar i mange samanhengar: «Use your talents» vert den kalla. Bruk dine evner og resursar! Bruk det du har! Det gjeld einskildpersonar og det gjeld fellesskap og kyrkjelyd.

Kort fortalt handlar dette om å vektlegga to ting:

- Korleis kan den einskilde nytta sine talent (eigenskapar, resursar, tid, osv.) til beste for fellesskapen. Og

- Korleis kan ein kyrkjelyd vera ein positiv ressurs i eit lokalsamfunn.

Ideen har fått stor innverknad på kyrkjelydar og lokalsamfunn i mange land i Afrika og Asia og inspirasjonen til Norge og til oss har kome frå det me ofte har kalla «misjonsland».

Ideen kan verka nokså radikal når me seier at me endrar måten å spørja på frå: «Kan du hjelpe oss med å gjera den eller den oppgåva i kyrkjelyden?» til å spørja: «Kva kan du bidra med i vårt fellesskap?»

Nokre oppgåver må løysast, og me må nok framleis spørja folk om konkrete tenester. Men me vil så langt me kan ta utgangspunkt i dei folk, dei talent, dei ressursar me har - og sjå kva som kan koma ut av det. Heilt nye idear og prosjekt kan koma opp, og me må øva oss i å heia dei fram.

Ein viktig del av denne tenkinga er at alle er likeverdige medarbeidarar. Rett nok er det nokre tilsette, lønna medarbeidarar, men utan engasjerte frivillige, ulønna medarbeidarar er det ingen kyrkjelyd. Dette handlar om «måten å vera kyrkje på». I eit ekte fellesskap får ein ta imot frå andre, og yta til fellesskapet.

Me ynskjer no å fremja denne tanken, desse ideane. Og i vidare planar for arbeidet i kyrkjelyden vil me leggja best mogeleg til rette for at engasjementet og evner hos frivillige og tilsette får blomstra i dei oppgåvene me er pålagde å gjera, og i nye samanhengar, aktivitetar og prosjekt.

Har du ein god ide, har du eit talent du kan nytte til beste for andre? Snakk med nokon om det - det kan bli noko nytt og fint og viktig. Det er lov å prøva, det er ingen skam å feila.

Reidar Ådnanes



Maritimt prosesjonskross

Bømlo sokneråd bestilte prosesjonskross til Bømlo kyrkje frå Hardanger fartøyvernssenter. I bestillinga stod det at prosesjonskrossen måtte ha eit maritimt preg. Det blei eit vakkert resultat med båt og kross, som symbol på at vi er på reis mot det evige målet.

Her er det Trygve Totland som viser fram det flotte resultatet.

Friðleif Lydersen, sokneprest

Vigsling Lykling

Søndag 30. mai leia prost Svein Arne Theodorsen vigsling i Lykling på Bømlo.

Kyrkjeverje Trygve Leigland ynskja velkommen til vigslinga av nytt opparbeida gravareal og to nye minnelundar i Lykling sokn, og sa m.a.: «Gravplassar og kyrkjegardar tvingar oss menneske til ettertanke. Gravplassen er det siste punktum av vårt jordiske liv, og kanskje den plassen flest tårer vert felt. Gravplassar rommar likevel håpet og trua om ei fortsetjing etter tida vår på jord. Korset, symbolet på døden, som gravplassen her er full av, vil alltid minne oss om seier.»

Minnelundar

Kyrkjeverje orienterte om arbeidet som er utført på gravplassen, og sa m.a.: «Gravplassen her vart også tilrettelagt med to nye minnelundar, ein minnelund med egne namneplater og ein anonym minnelund. Minnelundar blir det fleire og fleire av og mange har begynt å få opp augo for denne typen minnestadar. Ein stad der ein kan minnast dei av sine næraste som er godt bort, og ein stad som alltid er velstelt og fin.»

Takk

Kyrkjeverje takka Bømlo kommune, Landskapsarkitekten Roger Tokle og entreprenør Vassbakk og Stol som har gjort jobben til slik med ser Lykling kyrkjegard i dag.

Guds ord og bøn

Vigsling av gravplass vil seie at eit avgrensa areal opparbeid og ferdigstilt for gravlegging ved Guds ord og bøn vert gjort i stand for kristen gravferd. Sokneprest Fríðleif Lydersen, Linda Gunnarsjå, medlem i Lykling sokneråd, og klokkar Ola Erslund tok del med skriftlesing.

Tale og bøn

I sin tale sa prosten m.a.:

1. Døden høyrer til denne verda

Døden høyrer til livsvilkåra våre. Med det høyrer døden og til vår kultur og våre fellesskap. Korleis vi ordnar oss i samband med død, sorg og gravferd seier noko om kva vi tenkjer om døden. Korleis vi ordnar oss med gravplass og gravminne, seier noko om korleis vi tek vare på minna til dei som er døde.

2. Døden fekk ikkje det siste ordet

For Jesus fekk ikkje døden det siste ordet. Det som såg ut som eit dramatisk tap, som ein total fadese, synt seg å vere eit underleg spor av vår livgjevande Gud. Jesus vart reist opp frå dei døde. Døden kunne ikkje halde på han. Livet vann siger.

3. Døden får ikkje det siste ordet

Det som hendte med Jesus gjev von om at døden ikkje er det siste. Når det ser som mest håplaus ut, kista vert senka ned, presten tek til å fylle i jord – av jord er du komen, til jord skal du verta, lyder det: av jorda skal du atter stå opp. Døden får ikkje det siste ordet. Kristus stod opp frå dei døde, det gjer den avgjerande forskjellen. Ein gong skal alle sjå det, dei døde skal stå opp, døden får ikkje det siste ordet.

Kvilestad. Ettetanke og fred.

Vigslinga vart avslutta med denne helsinga: Kjære kyrkjelyd! Ved Guds ord og bøn er dette opparbeida området og minnelundane vigsla og helga til ein kvilestad for dei døde og til ein stad for fred og ettertanke for oss som enno lever. Fred vere over kyrkjegarden til oppstodedagen! I namnet åt Faderen, Sonen og den Heilage Ande.

Etter vigslinga var det kyrkjekaffi på kyrkjebakken.



#presten_per



Bibelen er fantastisk fordi den snakkar smerteleg sant om våre menneskelege vilkår. Ikkje minst tar Bibelen for seg vårt strev for å bli liksom Gud – slik slangen lurte Adam og Eva til å ønske. I dette ofte keitete forsøket på å være noko vi ikkje er, oppstår det ofte tragiske situasjonar, men også mange komiske!

Som @presten_per på instagram, får eg lov å ta nokre av dei episodane i Bibelen som er morsomme, pussige, rare, både på ein fin og på ein ugrei måte, og så kan eg leike med fantasien og gjerne litt humor.

Om eg lykkes, opnar eg litt av skrifta på ein ny måte, i det eg hentar ut ein tanke eller idé som nokre av følgjarane ikkje hadde sett før. Bibelen er Guds eige ord, og det er umogleg å lodde alle djup. Men vi kan røre litt i nokre av dei!

Ukas ros i & TRO MEDIER

Presten Per får denne Ukas ros for å på en morsom og imponerende måte ta med seg troen, evangeliet og ikke minst, jobben, inn på hans Instagram-profil. Han lager korte videoer om aktuelle tema, forklarer og peker på betydningen det har for oss.

– Presten Per tar det kristne budskapet ut fra kirkerommet og inn på skjermene til mange mennesker som kanskje ikke ville tatt steget inn i kirken. Han presenterer sentrale tema i kristen tro på en kreativ og humoristisk måte, sier Kjetil Fyllingen, leder for OmGud.net.

Betalingsinformasjon

Gåve til bladet

Betalt av

GIRO

Betalingsfrist

Underskrift ved girering

Betalt til

Helg og Yrke
v/ Tor Langeland
Langlandsvegen 45
5412 STORD

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

8420 05 25328

<6159074905>

Moster 2024

I 2024 vert det eit nytt 1000 – års jubileum på Moster. Då er det 1000 år sidan Olav Haraldsson og biskop Grimkjell fekk vedteke Kristenretten på Moster. Ein planlegg eit stort riksjubileum, og eigarane av Moster Amfi- og Kyrkje-historiske Senter – Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, har oppretta Moster 2024 AS for å førebu og gjennomføra jubileet. Eit styre er etablert med Per Bjørn Habbestad som leiar, Elsa Aanensen er tilsett som dagleg leiar og hovudkomité og fleire fagkomitear er nedsett.

Verdiar i lovverk og samfunn

Sidan ein begynte arbeidet med riksjubileet, har eit sentralt fokus for jubileet vore verdiar i lovverk og samfunn. Ein har arbeidd grundig med den faglege forankringa av jubileet og ein har sett på kva som kan vera aktuelle grunnar til å feira eit slikt jubileum i vår tid.

2024 – seminar

I 2016 vart det fyrste Moster 2024 – seminaret arrangert. På desse seminarane har ein hatt fokus både på det historiske og aktuelle perspektiv på 1000 – års jubileet.

Seminar i 2021

Sundag 6. juni var det Moster 2024 – seminar i Amfisalen på Moster. Foredragshaldar var Ola Mestad, professor ved juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo. Mestad er ein sentral bidragsytar i arbeidet med grunnlaget for Moster 2024, m.a. skreiv han ei av profesjonsutsegnene. Han er og med i hovudkomiteen for jubileet.

Tema for foredraget var: «Verdiar – 1024, 1536, 1814, 2012 - frå kristenretten til verdiparagraf i Grunnlova.»

Svein Arne Theodorsen var seminarleiar, fleire tok del i ordskiftet etter foredraget. Eit sentralt tema i samtalen var kva det er naturleg å leggja mest vekt på fagleg i samband med jubileet.

Dei to daglege leiarane: Nina Olsen i Moster Amfi – og Kyrkjehistoriske Senter AS og Elsa Aanensen i Moster 2024 AS tok del på seminaret. Elsa orienterte om arbeidet med jubileet og Nina om planane for å sette anlegget i god stand for 1000 – års jubileet.

2024 – seminaret digitalt

Grunna pandemien, var Moster 2024 – seminaret i år berre for inviterte deltakarar. Seminaret vart filma og er nå tilgjengeleg digitalt. Lenke til seminaret: <https://moster2024.no/aktuelt/moster-2024-seminaret-6-juni-2021>



Frå venstre professor Ola Mestad, stortingsrepresentant Tore Storehaug og seminarleiar Svein Arne Theodorsen.

Foto: Yiva Bang, KRF

Meir himmel på fjord

– som perler på ei snor

Opplev vår, vind og velsigning i sommar! Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs vestlandskysten på arrangement i friluft. Kystpilegrimsleia er sjøvegen langs kysten på veg mot Nidaros. Her er mange stader med historisk sus og fleire av dei kan knytast til den kyrkjelege søge og tradisjon. I vårt område kan me tenkja på Halsnøy kloster, Fjelberg, Moster og Fitjar.

Sommaren er tida for utandørs arrangement, og dette året veit me det vert satsa særleg på dette. I ei samla satsing frå pinse og fram i mot hausten, som perler på ei snor, vil kyrkjelydar tilby møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke.

Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjonar.

Sjå gjerne heimesida www.kystpilegrimsleia.no for å finne alle arrangementa under vignetten «Meir himmel på fjord».

Her er nokre døme i Sunnhordland:

18. juli: Friluftsgudsteneste Kråko, Fitjar (Sjå bilete nedanfor)

18. juli: Friluftsgudsteneste Skorpo, Kvinnherad

25. juli: Olsokmesse, Onarheim

29. juli: Olsokgudsteneste Moster gamle kyrkje

19. september: Friluftsgudsteneste med strandrydding Nautøya, Stord



Foto: Torbjørn Hovland

Gudstenester i Sunnhordland prosti sommaren 2021

Bømlo:

27.06: Moster kl. 11.00
04.07: Bremnes kl. 11.00
11.07: Lykling kl. 11.00
18.07: Bømlo kl. 11.00
25.07: Bremnes kl. 11.00
29.07: Moster gamle kyrkje kl. 18.00
31.07: Bremnes kl. 14.00
01.08: Bremnes kl. 11.00
08.08: Moster kl. 11.00
15.08: Bremnes kl. 11.00
Bømlo kl. 16.00

Etne:

27.06: Stødle kl. 11.00
Skånevik kl. 17.00
04.07: Etne kl. 11.00
11.07: Skånevik kl. 11.00
18.07: Frette kl. 11.00
25.07: Etne kl. 11.00
01.08: Skånevik kl. 18.00
08.08: Etne kl. 19.00
15.08: Skånevik kl. 11.00



Grindheim kyrkje, Etne

Fitjar:

27.06: Fitjar kl. 11.00
04.07: Fitjar kl. 11.00
11.07: Fitjar kl. 11.00
18.07: Friluftsgudsteneste i Kråko kl. 11.00
25.07: Fitjar kl. 11.00
01.08: Fitjar kl. 11.00
08.08: Fitjar kl. 11.00
15.08: Fitjar kl. 11.00



Nysæter kyrkje, Stord

Stord:

27.06: Nysæter kl. 11.00
04.07: Stord kl. 11.00
11.07: Nysæter kl. 11.00
18.07: Stord kl. 11.00
Huglo kl. 14.45
25.07: Nysæter kl. 11.00
01.08: Stord kl. 11.00
08.08: Nysæter kl. 11.00
15.08: Stord kl. 11.00
Huglo kl. 14.45

Kvinnherad:

27.06: Kvinnherad kl. 11.00
Holmedal gamle kyrkjestad kl. 13.00
Fjelberg kl. 16.30
04.07: Eid kl. 11.00
11.07: Husnes kl. 11.00
Ølve kl. 16.00
18.07: Eid kl. 11.00
Skorpo kl. 14.00
Kvinnherad kl. 17.00
01.08: Kvinnherad kl. 11.00
08.08: Eid kl. 11.00
Hestevika, Varaldsøy Friluftsgudsteneste kl. 12.00
Husnes kl. 17.00
15.08: Kvinnherad kl. 11.00
Valen kl. 11.00
Hatlestrand kl. 17.00
Åkra kl. 17.00



Åkra kyrkje, Kvinnherad

Sveio:

27.06: Valestrand kl. 11.00
Sveio kl. 13.00
04.07: Førde kl. 11.00
11.07 og 18.07: Ikkje gudsteneste
25.07: Sveio kl. 11.00
29.07: Valen kapell kl. 18.00
01.08: Eikeland kl. 11.00
08.08: Sveio kl. 11.00
15.08: Førde kl. 11.00
Sveio kl. 11.00

Tysnes:

27.06: Onarheim kl. 11.00
04.07: Tysnes kl. 11.00
11.07: Uggdal kl. 11.00
18.07: Ikkje gudsteneste
25.07: Onarheim Olsokmesse kl. 18.00
01.08: Tysnes kl. 11.00
08.08: Uggdal kl. 11.00
15.08: Tysnes kl. 11.00



Sveio kyrkje